

ALVER KOMMUNE  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 03.02.2021  
Vår ref.: 202100778-2  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 06.01.2021  
Dykkar ref.: 20/18407 - 21/737

Sakshandsamar:  
Toralf Otnes

## NVE si fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for bygging av ny driftsbygning - Gnr. 353 bnr. 1 - Alver kommune

Vi syner til brev datert 06.01.2021. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealdelen si byggegrense mot vassdrag for bygging av ny driftsbygning. Driftsbygningen er tenkt plassert 10 meter frå vassdraget

### Om byggegrenser mot vassdrag

Det er ikkje oppgjeve i oversendingsbrevet kva byggegrense mot vassdrag arealdelen set for bygging av landbruksbygningar. Generelt kan slike byggegrenser ha minst to føremål. Det eine er å halde trygg avstand mot vassdrag i høve til flaumfare, erosjonsfare, og fare for skred som følgjer bekke- eller elvelaup. Langs bekker med mindre nedslagsfelt enn 20 km<sup>2</sup> vil som oftast 20 meter vere tilstrekkeleg.

Område langs vassdrag er verdfulle for miljø og friluftsliv. Byggegrenser er og eit verkemiddel for å ta vare på desse verdiane. Oftast er det naudsynt med vidare byggegrenser for å ta vare på desse verdiane enn trygggleik mot naturfare.

NVE meiner de bør vere forsiktig med å gi dispensasjon frå byggegrenser gitt i arealdelen, særleg om det finnast alternativ. Dette sidan dispensasjonar fort kan skape presedens.

### Flaum og erosjon

Driftsbygningen er planlagt plassert innanfor aktsemdområde for flaum, jf. aktsemdkart for flaum på [NVE Atlas](#). Aktsemdsona på staden baserer seg på ein maksimal vasstandsstiging på 2,95 meter. Dersom driftsbygningen vert plassert lågare enn 2,95 meter over normalvasstanden i elva, og vil kunne bli skadd av ei slik vasstandsstiging, så rår vi til at det vert nytta fagkyndige til å utgreie flaumfaren.

Med helsing

Siss-May Edvardsen  
fung. regionsjef

Toralf Otnes  
senioringeniør

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)  
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 52-54  
Capitolgården  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsvæien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND